

Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune

APRIL 2023



BRATT

FRILUFTSLIV

brattnorge.no

KLATREDISCO OG PÅSKEREBUS

◦ PÅSKEREBUS

Laurdag 1. April kan du gå påskerebus ved Bratt løa frå kl 11!

◦ KLATREDISCO

for barn og unge mandag - onsdag i påskeveka, fra kl 10-14.



Valle kommune

INVITASJON TIL VÅRE HYTTEBUARAR :

PÅSKEMØTE onsdag 5.april kl. 10

I SÆBYGGJEN - VALLE BIBLIOTEK

Til stades:

Frå Valle kommune:

- Ordførar Steinar Kyrvestad
- Kommunedirektør Vidar Homme
- Leiar teknisk avdeling, Magnus Berg
- Leiar Kultur og fritid, Torunn Charlotte Nyberg

I tillegg:

- Bjørnevatn løypelag ved Karl Sigurd Fredriksen
- Brokke AS ved Merete Austad
- Setesdal lensmannsdistrikt ved Dag Hovden
- Kommuneoverlege Bykle og Valle, Kjetil Juva

Agenda:

Diverse informasjon, mellom anna

- Kultur- og fritidstilbod
- Informasjonskanalar og samhandling
- Nytt frå teknisk/byggjesak
- Turstiar og turløyper
- Beredskap
- Helsetenesta

ENKEL SERVERING. HJARTELEG VELKOMNE til **INFORMASJON OG INNSPELI**



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

3. og 4. april vil resepsjon og sentralbord vere i Sæbyggjen, med desse opningstidene:

- Sentralbordet er opent til vanleg tid kl. 9-14
- Resepsjon open frå kl. 11-15.

5. april er resepsjon og sentralbord i kommunehuset med opningstider frå kl. 9-12.

HELSEAVDELINGA INFORMERER

Oppfriskingsdoser av koronavaksine våren 2023:

Helsedirektoratet anbefaler no ny oppfriskingsdose til personar 75 år og eldre, samt sjukeheimsbebuarar.

Ei ny dose vil vere særleg aktuell for dei som ikkje tidlegare har gjennomgått koronainfeksjon, og for dei som har ein eller fleire underliggjande risikofaktorar.

Det bør ha gått ca. 6 månader sidan seiste dose. Det er ikkje farleg å ta vaksina sjølv om ein har gjennomgått koronainfeksjon nyleg, men ein skal vere frisk ved vaksinetidspunktet.

Ring legekantoret 379 37 540 for timeavtale/spørsmål.

Onsdag 12. april kl 09.00- 14.00 Drop In oppfriskningsdose covid.

Det vert fleire dagar med coronavaksinering om du ikkje kan denne dagen.

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Valle kulturskule

Frå og med skuleåret 2023/2024 tek vi i bruk administrasjonssystemet SpeedAdmin. Dette er eit system med mange mogelegheiter, også når det gjeld kommunikasjon kulturskule-heim, og vi ser fram til å ta systemet i bruk.

Søknadsskjema for elevplass komande skuleår vil venteleg vere på plass 17.april, på heimesida til Valle kommune.

Refusjon av årskontingent familie, Valle IL

Valle kommunestyre vedtok i budsjett 2023 å innføre «familiekort» for alle familiar med barn under 16 år (gjeld til og med det året yngste barnet fyller 16 år).

Familiekortet skal dekke årskontingent i Valle IL med kr. 200 per medlem (inntil kr. 800 per familie), og årskort for familiebadning kr. 860. Totalt inntil kr. 1680 per familie.

Gratis familiebadning vart innført ved årsskiftet, og no er også skjemaet for refusjon av familiekontingent i Valle IL klart.

Du finn skjemaet på heimesida vår, under Kommunale tenester - Kultur og fritid - Tilskot og stipend

Frist for innsending til Bygdenytt for MAI er 23. APRIL.

Send til sentralbord@valle.kommune.no

PROGRAM DAGSENTERET I APRIL

Dagsenteret startar kl. 10.30

Onsdag 5.4 PÅSKEFERIE

TORSDAG 13.4 Pider Ro (sjå info under)

Onsdag 19.4 Sosialt samvær

Onsdag 26.4 Sosialt samvær

I 1905 skreiv Gabriel Scott ned nokre fantastiske forteljingar.

«Pider Ro's historier om hans forunderlige selvoplevelser tillands og tilvands».

Kva som er sant og kva som er oppdikta er vanskeleg å skilje. Personen «Pieder Ro» var ein framifrå forteljar. Utan han som inspirator, hadde ikkje Scott kunna skrive desse humoristiske og makabre historiane.

Saman med tekstane i boka er gamle og nye sørlandsviser utgangspunkt for ei fengjande framsyning.

«Pider Ro – Når kvelden kommer siganes» er tittelen på førestillinga med skodespelar Lars Emil Nielsen og muskar Svein-Helge Vikse.

Set av torsdag 13.april kl. 19:00 i Sæbyggjen, Valle Bibliotek.

Eller dagsenteret kl. 10.30

Valle bibliotek



Påske i biblioteket:
Måndag 3. april 1100-1500
Tysdag 4. april 1100-1500
Resten av påska er biblioteket meirope

Her er det nye styret i Folkeakademiet, Valle

Astrid Kyte

Knut Haugland

Monica Thereze Rygnestad

Maria Bjørkroth

Sigri Åkre

- vara Liv Bratlie Løyland
vara Malmfrid N Homme

Ein eigen oppnemd komité arbeider med kulturveka. **Kulturveka 2023 vert i veke 41.**

Med venleg helsing Astrid Kyte



HØYRSEL

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle Bygdeheim Onsdag 19 April Dette er kun for dei som hev [h.app](#).

Ring Liv Gunn viki [900 79562](tel:90079562) om du treng time



Oversikt 2023

Folkemusikk i Setesdal

28. januar GUNNAR STUBSEID M BAND- TRIBUTE TO HANK WILLIAMS
SØLVGARDEN KL 21.00
7. februar DANS MED SÆBYGGJAN- I SÆBYGGJEN 19.00-20.30
24. februar ÅRSMØTE I SPELEMANNSLAGET, SØLVGARDEN KL. 18.00
KONSERT MED EIVIND TANKE LARSEN KNUSEN
5. april FOLKEMUSIKKPUB PÅ SØLVGARDEN KL 21.00
15. april »SELJESONG» TORHILD OSTAD OG SILJE HEGG
5. mai FOLKEMUSIKKPUB, SØLVGARDEN KL 21.00
- 4.-6. august SETESDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL

Dansekveldar våren 2023

Kom og dans! GRATIS og ope for alle!

Tysdag 18.april	Dansekveld	Bykle samfunnshus	kl. 18.30-20.30
Fredag 5.mai	Dansekveld	Hylestad soknehus	kl. 18.30-21.30
		Dei som ynskjer kan gå vidare til Sølvgarden på folkemusikkpub!	
Onsdag 31.mai	Dansekveld	Hylestad soknehus	kl.18.00- 20.00
		Rett etter leikarring. Film for dei yngste.	

Kva kan du forvente?

I tillegg til gangardans, og innføring for dei som treng det, vil me gjerne danse både gamaldans eller swing.

Me tek ei pause med enkel servering og god røe.

Sæbyggjan slår eit slag for folkehelsa og ikkje minst oppretthalde og føre vidare kulturarven vår, som er på UNESCO si liste for immateriell kulturarv!

VALLE IL INFORMERER



Refusjon av medlemskontingent familie, Valle IL

Skjema for refusjon av familiekontingent i Valle IL er no klart.

Du finn informasjon om ordninga på Valle kommune si heimeside, under Kultur og fritid.

Her er lenke til skjema: <https://skjema.valle.kommune.no/skjema/VAL0008/>

[Familiekort Valle IL 2023 refusjon av kontingent](#)

1. mai feiring 2023

Valle arbeiderparti inviterer til 1.mai feiring på Hylestad soknehus kl 1400. Taler, loddsalg og noe å bite i!



VELKOMMEN TIL FEIRING!

Minner hundeeiere på at ein bør plukke opp hundedritt etter hunden sin og ikkje etterlate dette i innkjørsler, etter vegar, vegkanter i tettbygde strøk.

Helsing fortvilt innbyggjar

Basar i Skafsåheii Fjellkyrkje Skjærtorsdag kl. 1200-1600



Ta turen innom Fjellkyrkja denne dagen. Vi har mange flotte gevinstar. Du kan bruke kontantar, vippse eller bruke terminal.

Her får du slappe av og hygge deg med smørgraut, rjomegraut, pølser, kaker, kaffi og brus.

Trekking kl. 1600

Velkomen!

Arr. Fjellkyrkjelaget

VALLE RADIO

PÅSKA 2023

**SENDINGAR:
SKJÆRTORS DAG
OG 1. PÅSKEDAG**

HOVEDGEVINST:
Varmepumpe verdi 35.000,-
i tillegg til mange andre gevinstar og gavekort frå næringslivet i dalen og andre sponsorar.



Sendefrekvensar:

Hovden	105,3
Hoslemo	104,3
Bykle	105,8
Trydal	104,0
Bjørnará	105,0
Valle	101,2
Ljomsnuten	102,6
Rysstad	106,2

Telefonnummer:

Loddkaup tlf/sms 41 77 99 77
Rebussvar tlf/sms 41 77 66 66
Helsingar sms 41 77 75 57
Loddkaup via VIPPS 509953

NB: Tlf. nr ditt må skrivast i meldingsfeltet.

Loddkaup og helsingar på:
post@valleradio.com

VIPPS
Påskebasar 2023



Høyr på Valle Radio på nett,
www.valleradio.com
klikk på "live streaming"
Facebook Valle Radio

**GOD
PÅSKE
TIL ALLE
LYARAR!**



UKM JUNIOR

KONSERT

MED KULTURSKULEELEVAR 1.-4.KLASSE

I VALLE KULTURSENTER,
STORSTOGA,

ONSDAG 26.APRIL kl. 17

Gratis inngang - alle velkomne!

Arr. Valle kulturskule

TEMAKVELD

Med diakon Per Emanuelsen

TEMA: kunsten å leve

Tysdag 18.april 2023 kl. 18.00
I Kyrkjestoga i Sæbyggjen
Det blir musikalsk innslag, utlodning og servering
av kveldsmat.

Alle er hjarteleg velkomen!
Helsing Diakoniutvalet i Valle og Hylestad sokn

NOMELAND BEDEHUS

BIBELTIME

sundag 23. april kl 19.00 på Nomeland bedehus.
Vi fortset undervisninga ved Jan Bygstad på
skjerm.

Emne: 1. mosebok kap. 32 - 35
Jakop i kamp med Gud.



Velkomne!

PÅSKEVANDRING FOR SMÅ OG STORE



Vandringa startar utafor
Valle kyrkje

Den blir ståande frå
15. mars – 18. april
ved Valle kyrkje.

Søndag 23. april
kan ein ta
påskevandringa på
familiesamlinga i **Bykle kyrkje**

Vandringa består av 6 postar og
sluttar med ein quiz!

Finn du løysinga kan du sende
svar på SMS til 915 50 879

Frist for å melde inn svar er
23. april

Det vert plukka ut 5 vinnarar

3 Familiepakkar á 4 billetter
på Hovden Badeland

2 Bokpakker

KYRKJA I APRIL

Brokkestøylen:

Skjærtorsdag 6.april kl 16.00:

Friluftsgudsteneste ved Kristina
Grundetjern. Organist Eirik Hodnemyr

Song av Aud Marthea Mosvold Hogga

Tak med eigen stol eller sitjeunderlag.

(Dersom det blir dårleg vêr, blir gudstenesta
i Hylestad kyrkje.)

Valle kyrkje:

1.påskedag 9.april kl 11.00:

Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Toralv
Frøysaa Lie.

Hylestad kyrkje:

Langfredag 7.april kl 11.00:

Pasjonsgudsteneste ved sokneprest Toralv
Frøysaa Lie.

Søndag 23.april: Gudsteneste ved
sokneprest Toralv Frøysaa Lie.

Andakt på Heimen: Onsdag 19.april kl
11.00.

Karetreff i Kyrkjestova: Tysdag 18.april kl
13.00 – 15.00 ved Per Emanuelsen.
Kaffi,vaflar og ein hyggeleg prat.

Elles: Sjekk heimesida vår
www.valle.kyrkja.no

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid
Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle, tlf. 977 84 706,

e-post: post@valle.kyrkja.no


Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA

TORSDAG 20. april

Kl. 1700 - Super Mario Bros. filmen

Den etterlengtede Illumination-filmatiseringen av Super Mario Bros. er endelig her! Naviger gjennom Soppriket med Mario, Prinsesse Peach og Toad, på søken etter Luigi, som har blitt bortført av den onde Koo-pa-kongen Bowser. Fansen vil kjenne igjen ikoniske elementer fra retro-spillene fra 80- og 90-tallet, samt mer moderne materiale fra Mario Kart. Let's-a-go! Filmen vil bli utgitt i både original og dubbet versjon, begge kommer med norsk tekst. I de norske stemmene finner vi blant andre Christopher Robin Omdahl, Jakob Oftebro, Jeppe B. Laursen, Victor Sotberg, Gulla Nordmoen, Nahom Feshatzion, Johannes Joner


Kl. 1900 – Dungeons & Dragons: Honor Among Thieves

En sjarmerende tyv og en gjeng tvilsomme eventyrere gjennomfører et episk ran for å hente en tapt relikvie.

Ting går likevel veldig galt når de kommer på kant med feil folk. «Dungeons & Dragons: Honor Among Thieves» er et morsomt og actionfylt eventyr basert på den rike verden og den lekende ånden til det legendariske rollespillet.

Kjøp gjerne kinobillett på

www.bygdekinoen.no .

Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.

Film er best på kino - støtt din lokale kino!

Vi har egen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!

Valle Allidrettsklubb

Velkomen til samling i Vallehalli laurdag 15. april kl 18.00-21.00. Aktivitetar i hallen og kiosksal. Egil Grindland har andakt.


Kva skjer?

Sjå Kalenderen vår på heimesida:

www.valle.kommune.no/http://www.valle.kommune.no/alle_294594_nn.html

01.04	Barnas dag i Brokke
01.04 Kl.11	Påskerebus ved Bratt løa
01.04 Kl.11-16	Bruktmarknad i Sæbyggjen
04.04 Kl.10-18	Påskebasar Flateland Grendehus
05.04 Kl.10	Påskemøte for hyttebuarar, Sæbyggjen
05.04 Kl. 21	Folkemusikkpub, Sølvgården
06.04 Kl.12-16	Basar i Skafsåheii Fjellkyrkje
12.04 Kl.18-20	Handarbeidskveld, Setesdal Husflid i Valle
13.04 Kl.1030	Pider Ro—Når kvelden kommer siganes, Dagsenteret
13.04 Kl.19	Pider Ro—Når kvelden kommer siganes, Sæbyggjen
15.04 Kl.18-21	Valle Allidrettsklubb
18.04 Kl.18	Temakveld med Per Emanuelsen, Kyrkjestoga Sæbyggjen
18.04 Kl.1830-2030	Dansekveld, Bykle samfunnshus
19.04 Kl. 1030	Dagsenteret
20.04 Kl. 17	 Bygdekinoen
23.04 Kl.19	Bibeltide, Nomeland bedehus
26.04 Kl.1030	Dagsenteret
26.04 Kl. 1700	UKM JUNIOR, Storstoga, Valle kultursenter
26.04 Kl.18-20	Handarbeidskveld, hjelp til montering, Setesdal husflid i Valle
01.05 Kl.14	1. mai feiring, Hylestad soknehus